

Heilagnatt

Å heilag natt. Å heilag stund for verdi,
Da Gud vår frelsar til jordi steig ned,
Han ville bera verdens sorg og synder,
For oss han døyde på krossens tre,
Og voni lyser klart igjennom verdi,
Og ljose strålar yver land og hav.

Folk fall då ned og helsa glad din fridom,
Å heilag natt du frelsa åt oss gav,
Å heilag natt du frelsa åt oss gav,
Vår frelsar løyste våre tunge lenkjer,
Vår jord er fri, himlen open no er.
Og i din træl du ser din kjære broder,
Og sjå din uven skal verta deg kjær.

Frå himlen kom vår frelsar ned med freden,
Og steig for oss ned i den myrke grav.
Folk fall då ned og helsa glad sin fridom
Å heilag natt du frelsa åt oss gav.
Å heilag natt du frelsa åt oss gav.